



KYSTVERKET

Statsforvalteren i Vestland
Statens hus, Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref
2021/3747-25

Arkiv nr

Sakshandsamar
Turid Susort Jansen

Dato
23.11.2022

Motsegn til Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland - Vestland fylke

Kystverket syner til sending den 20.10.2022 frå Nordhordaland Utviklingselskap IKS vedkomande høyring og offentleg ettersyn av interkommunalplan for sjøareal i Nordhordaland. Interkommunalplan gjeld for sjøareala i kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal.

Målet med arbeidet er å utarbeide ein arealplan for sjøareala, der heilskapen blir ivaretatt over kommunegrensene og at det utviklast langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i sjøområda. Planen vert ein juridisk bindande plan på kommuneplannivå. Kommuneplanen sin arealdel skal fastlegge framtidig arealbruk i eit langsiktig perspektiv med tilhøyrande reglar og retningslinjer.

Kystverket støttar arbeidet med interkommunal plan for sjøareala. Kommunane har satt i gang eit viktig arbeid med felles planlegging for tilstøytande sjøområder. Vi ser oss likevel nøydt til å fremme motsegn til planen då det vert planlagt for akvakulturområder og arealføremål med «einbruk fiske» som kan komma i konflikt med tryggleiken og framkomma i farvatnet.


Kystverket har og fleire faglege råd til planen, men då høyringsfristen er kort og planen er svært omfattande ber vi om å få komme tilbake med utfyllande fråsegn. Kystverket har fått utsett høyringsfrist til 16. desember 2022, og vårt fråsegn er i denne omgang ikkje fullstendig. Vidare arbeid med planen kan og føre til nye motsegn til planen. Komplett uttale vil komme innan høyringsfrist.

Høyringsfristen var i utgangspunktet satt til 6. desember. For å halde frist om samordning av statleg motsegn, vel vi å sende våre motsegn til planen slik dei føreligg pr d.d. til Statsforvaltaren i Vestland for oppstart av samordning.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Kystverket fremjar motsegn til:

- 1. AKV området ved Hjeltevar den i Fedje kommune**
- 2. AKV området ved Ospeneset i Gulen kommune**
- 3. Bruk av arealføremålet einbruk fiske**

Nærare grunngjeving for Kystverket si motsegn vert gjort greie for i saksutgreiinga i det følgjande.

Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat som sørger for sikker og effektiv ferdsel i farleier langs kysten og inn til hamner, og sørger for ein nasjonal beredskap mot akutt forureining. Staten er eit forvaltningsorgan under Nærings- og fiskeridepartementet.

Kystverket arbeider for å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvennleg drift av hamn og bruk av farvatn, samtidig som det skal tas omsyn til et konkurransedyktig næringsliv.

I følge plan- og bygningsloven § 3-2, 3. ledd har Kystverket som statlig fagmynde rett og plikt til medverknad når planlegginga den rører ved Kystverket sitt saksfelt. Det går fram av formålet med havne- og farvannsloven at tryggleik og framkomme på sjøen, og effektiv hamneverksemd og effektiv sjøtransport er viktige omsyn som Kystverket skal ivareta. Det følger av Samferdselsdepartementets tildelingsbrev at Kystverket skal sikre havne- og sjøtransportinteressene i offentlege planprosessar.

I Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er det eit nasjonalt mål at ein større del av godstransporten skjer på sjø og jernbane. Det er viktig at egna arealar til effektive logistikknytepunkt som godsterminalar og havner vert avklara i plan, gjennom samarbeid mellom kommuner og statlige fagmynde. Farleiene for skipstrafikken inngår i disse avklaringene».

Motsegn

1. Akvakulturområdet ved Hjeltevar den

Kystverket fremmer motsegn til akvakulturområdet Hjeltevar den, aust for Fedje då sjøområdet er eit viktig område for losbording. Kystverket har ved fleire høve gitt uttale til sjøområdet ved Hjeltevar den.

Kystverket ga den 6.11.2014 avslag på etablering av anlegg for oppdrett av laks og aure ved Hjeltevar den. Grunngjeving for avslaget var:

«Søknaden gjelder tillatelse til etablering av nytt anlegg ved Hjeltevar den i Fedje kommune. I det aktuelle sjøområdet er det registrert hovedled 1508 Hjeltefjorden med betydelig sjøtrafikk. Av viktige navigasjonsinstallasjoner finnes Fedje fyrlykt nord for anlegget. Anlegget vil komme langt inn i Fedje fyrlykt sin grønne seilingssektor og nært opp til fyrlyktens hvite sektor. Anlegget vil følgelig bli til hinder for kystfartøy som trafikkerer Fedjeosen/Fedjefjorden. I etterkant av "Server" ulykken ble losbordingsområdet ved Fedje revurdert. Det ble da vedtatt å etablere nytt losbordingsområde ved Hjeltevar den like øst for det omsøkte

anlegget. Dette er en vurdering tatt ut fra et sikkerhetsperspektiv for sjøtrafikk. Sjøområdet hvor anlegget søkes etablert er således et svært viktig område for losbording. Dette gjelder spesielt under vanskelige værforhold der fartøy og losbåt må manøvrere nært land øst for Hjeltevarden, for å ha en sikker losbording. Sikkerhet og god framkommelighet er sentrale begrep knyttet til Kystverkets vurderinger av ulike tiltak i sjøen. Losbording ved manøvrering av losbåt og et større fartøy nært opp til land kan i dårlige værforhold medføre risiko, denne risikoen blir betydelig øket om en i tillegg har et større oppdrettsanlegg i sjøområdet å måtte forholde seg til. Risikovurderingen går på forhold som sikker manøvrering av fartøy, sikkerhet for mannskap og last på fartøy samt sikkerhet for losbåt og dens mannskap. I tillegg er det en viss fare for at fartøyene kan komme i berøring med selve oppdrettsanlegget med fare for skade på både anlegg og fartøy. Kystverket har også lagt vekt på at det ikke finnes alternative sjøområder ved Fedje for losbording under de forhold beskrevet ovenfor. Med hensyn til god framkommelighet i et farvann med tett skipstrafikk og med spesiell vektlegging av sikkerhet i forbindelse losbordingsoperasjoner, kan Kystverket ikke gi tillatelse etter havne- og farvannsloven til etablering av anlegg som omsøkt».

Vedtak om avslag for etablering av anlegg ved Hjeltevarden vart klaga på, men Kystverket tok ikkje klagen til følge. Den 22.9.2017 handsama Samferdselsdepartementet klagen og gjorde følgjande vedtak:

4. Konklusjon

På bakgrunn av ovennevnte vurdering er Samferdselsdepartementet kommet til at det ikke er grunnlag for å etterkomme Tombres anmodning om omgjøring av Kystverkets vedtak 2. september 2015.

Beslutningen er endelig og kan ikke påklages.

(Kystverket var underlagt Samferdselsdepartementet fram til 31.12.2020).

Kystverket si vurdering er at losbordingsfeltet framleis er særst viktig og at Hjeltevarden er det best egna området for losbording.

Samferdselsdepartementet brev datert 22.9.2017 er vedlagt.

Det vart i 2021 søkt om dispensasjon frå kommuneplan for etablering av akvakultur i same området. Kystverket gjekk den 25.3.2021 imot å gi dispensasjon frå kommuneplanen. Vårt brev av 25.3.2021 med fråråding og grunngjeving er vedlagt.

Kystverket har vurdert at akvakulturområdet ved Hjeltevarden kan virke på tryggleiken og framkomma i farvatnet. Det føreligg ikkje nye opplysningar eller omstende for endra vurdering. Kystverket går i mot etablering av område for akvakultur ved Hjeltevarden , aust for Fedje.

2. Akvakulturområdet ved Ospeneset i Gulen kommune

Kystverket fremmer motsegn til akvakulturområdet ved Ospeneset i Gulen kommune. Akvakulturområdet kjem i konflikt med kvit sektor frå Rutletangen lykt. Kvit sektor signaliserer reint farvatn.

Kystverket har ved fleire høve gitt uttalte til kommunen og til søkjar (Firda Seafood AS) at etablering av akvakultur ved Ospeneset kjem i konflikt med kvit sektor og ferdsele i området.

Kystverket viser blant anna til vår uttalte den 3.7.2017:

«Anlegget vil i sin helhet bli liggende i hvit sektor fra Rutletangen lykt som ligger øst for lokaliteten, dette er uheldig.

Hvis man ser på elektronisk kart med AIS track viser det at anlegget søkes plassert midt i sjøområde som hurtigbåtene benytter.

Har innhentet uttale fra Norled som trafikkerer dette området med hurtigbåter, de fraråder plassering av anlegg på denne lokaliteten. Dette pga. at anlegget blir liggende i hvit sektor, og det er uheldig med plassering av anlegg i hurtigbåttleden.

For å kunne ivareta sikkerheten for hurtigbåtene vil vi ikke anbefale denne lokaliteten».

Kystverket har vurdert at akvakulturområdet ved Ospeneset kan virke på tryggleiken og framkomma i farvatnet. Det føreligg ikkje nye opplysningar eller omstende for endra vurdering. Kystverket går i mot etablering av område for akvakultur ved Ospeneset .

3. Bruk av arealføremålet «einbruk fiske»


Det er i planen gjennomgåande brukt arealføremål «einbruk fiske». Fiske og ferdsel kan som regel kombinerast, og der fiskeriinteresser ligg i farvatn som også har status som hovudlei eller bilei må det kombinerast med «farlei/ferdsel». Farleiformålet (6200) er areal knyt til nyttetraffikk, som hovud- og bileier og er juridiske samferdselslinjer.

Vi syner til føresegn 3.8.1 om Fiske, låssetting og gyteområde:

iii) *Områda kan nyttast til ferdsle og friluftsliv når det ikkje er til vesentleg ulempe for fiskeri*

Om det vert brukt føremål «fiske» i farvatn som også har status som hovud- eller bilei, er det viktig at arealet vert gitt kombinert føremål «ferdsel og fiske».

Døme:




I bildet ovanfor vises sjøområdet vest for Vassøyna i Gulen kommune med arealføremål «fiske». I same området finn er innseglingsskorridor frå havet og hovedleia for skipstrafikken. Raude piler i sjøkart viser referanseruter for navigasjon.

Kystverket går til motsegn mot bruken av arealføremålet «fiske» då det ikkje i tilstrekkeleg grad tar omsyn til hovud- og bileiene som juridiske samferdselslinjer.

Andre merknader

Gulen kommune starta revidering av kommuneplanen sin arealdel i 2017, men arealdelen vart ikkje vedtatt. Gjeldande arealdel til kommuneplan for Gulen kommune er i frå 2015. Akvakulturområda som var nye i planen som vart fremma i 2017 ligg nå fargekoda som eksisterande i Interkommunal plan for sjøareala i Nordhordaland. Dette meiner vi er feil bruk av fargekoden på føremålet «akvakultur», og gjer at areal til akvakultur som eigentleg er nye er vist som vedtekne.

I Austfjorden i Alver og Masfjorden kommunar, er det planlagt nye akvakulturområder.



Nytt akvakulturområde vest for Kråka kjem i direkte konflikt med kvit sektor. Lykta har funksjon lengre ut i Fensfjorden, og det er avgjerande at anlegget ikkje skjermar for navigasjonsretteleinga frå lykta.

Kystverket treng meir tid til å gjennomgå planen og varslar med dette at det kan komme fleire motsegn til planen.

Kystverket ser i møte dialog i det vidare arbeidet med planen.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleder

Turid Susort Jansen
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:
Nordhordaland utviklingselskap IKS

Vedlegg:

- 1 Begjæring om omgjøring av endelig vedtak i klagesak - søknad om tillatelse til etablering av oppdrettsanlegg
- 2 Tilbakemelding vedrørende akvakultur - Fedje kommune - Vestland fylke